



Arkivnr: 2015/5509-3

Saksbehandlar: Marte Hustveit Hauge

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2015

Lærlingklausul i offentlege kontraktar

Samandrag

Den siste tida har det vore mykje merksemdu knytt til korleis ein kan betre rammevilkåra for lærlingordninga, mellom anna ved å sikre fleire lærlingplassar. Eitt av verkemidla i den samanheng er å stille krav om lærlingar i offentlege kontraktar.

Med heimel i forskrift om offentlege anskaffingar vil det offentlege frå 1. juli 2015 ha mogelegheit til å stille strengare og meir omfattande krav om at deira leverandørar skal delta i lærlingordninga. I saka vert det gjort kort greie for utviklinga i diskusjonane om lærlingklausul.

Forslag til vedtak

1. **Fylkesutvalet er positive til at føresegna knytt til lærlingklausul i forskrift om offentlege anskaffingar vert utvida, og legg til grunn at fylkeskommunen vil rette seg etter ny forskriftstekst.**

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi- og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

T

Fylkesrådmannen, 29.05.2015

I forskrift om offentlege anskaffingar er det i dag fastslått i § 3-11 (3) at:

«For arbeid som skal utføres i Norge, kan oppdragsgiver sette som betingelse for gjennomføringen av kontrakten at norske leverandører skal være tilknyttet en lærlingordning. Slike betingelser kan likevel kun settes dersom det er et klart definert behov for lærlingplasser i den aktuelle bransje».

Då det å nytte slike klausular i offentlege kontraktar bidrar til å sikre fleire lærlingsplassar har det vore ønskeleg frå politisk hold å nytte slike klausular meir offensivt, til dømes ved å krevje at leverandøren faktisk har tilsett lærling. I januar 2013 konkluderte innkjøpsseksjonen i notat med at det ikkje er høve til å stille krav om at det er tilsett lærling i verksemda. Ein må såleis halde seg til kravet i forskrifta som inneber at det er tilstrekkeleg at leverandøren er tilknytt ei offentleg godkjent lærlingordning. Advokatfirmaet Thommessen leverte i mars 2013 eit notat (ein «second opinion») med den same konklusjonen.

I ettertid har både Oslo kommune og Bergen kommune gjort politiske vedtak om å bruke lærlingklausul meir offensivt. I Oslo kommune er det utarbeidd ein rettleiar der anbefalt formulering til kontrakten er tatt inn:

«Leverandøren skal sørge for at det i hele kontraktsperioden benyttes minst (xx) lærlinger ved utførelse av arbeid knyttet til denne kontrakten. Leverandøren skal dokumentere at kravet er oppfylt ved oppstart av arbeidet, og ellers på oppdragsgivers anmodning.

Lærlingekravet skal oppfylles uavhengig av om arbeidet utføres av hovedleverandør eller underleverandører.

Utenlandske leverandør kan ved utførelsen av oppdraget oppfylle lærlingekravet ved å benytte personer hvis arbeid inngår som ledd i aktuell fagutdanning i annet EU/EØS- land.

Dersom leverandøren kan dokumentere at det er gjennomført hensiktsmessige tiltak for å fremskaffe lærlinger som ikke har ført frem, kan leverandøren anmode oppdragsgiver om bistand til å fremskaffe lærlinger. Dersom oppdragsgiver ikke kan bistå, bortfaller lærlingekravet.»

Det synest ikkje å vere gjennomført noko juridisk vurdering av innhaldet i vedtaka i Oslo kommune og Bergen kommune når det gjeld avgrensingane i forskriftsteksten.

Fleire organisasjonar har engasjert seg i saka, mellom anna NHO som 7.7.2014 sendte eit brev til departementet der dei oppmoda til endring av lærlingklausulen.

I haust kom «NOU 2014:4 Enklere regler - bedre anskaffelser» med forslag til nye anskaffingsreglar. I høyingsfråsegn til denne, behandla i fylkesutvalet den 30.10.14, uttalte fylkeskommunen seg positive til å behalde ein lærlingklausul i forskrifta, for å minne offentlege oppdragsgjevarar på dette verkemiddelet.

Vidare har fylkesrådmannen ved innkjøpsseksjonen i samarbeid med eigedomsseksjonen og fagopplæringskontoret utarbeida eit notat og tilhøyrande rutine knytt til bruk av lærlingklausul i fylkeskommunen, som var klar i januar i år. Her var konklusjonen at det var mest hensiktsmessig å halde seg til eksisterande regelverk og sikre god bruk av den klausulen som forskrifta opna for å bruke, og vente med ei eventuell utviding til regelverket vart endra.

Basert på høyringa til NOU 2014:4 er det avgjort at føresegna i forskrifta skal endrast med verknad allereie frå 1. juli 2015. Endeleg forskriftstekst er ikkje klar på skrivande tidspunkt, men det er klart at endringa vil medføre at lærlingklausulen kan rettast mot utanlandske leverandørar, og at der vi set krav om tilknyting til ei lærlingordning må vi og krevje at lærling deltek i utføringa av det aktuelle prosjektet.

Ei utvida bruk av lærlingklausul vil no vere lovleg, og vil truleg medføre ei meir effektiv sikring av lærlingplassar enn dagens ordning. I tillegg vil utvidinga knytt til utanlandske leverandørar kunne bidra til å sikre at det offentlege handlar med seriøse aktørar i den aktuelle bransjen. Den nye regelen vil likevel medføre ei plikt til å krevje at lærling skal arbeide på det konkrete prosjektet, og såleis medføre noko mindre valfridom for oppdragsgjever.

Det er og foreslått større endringar i reglane om lærlingklausul i offentlege kontraktar. I høyringsnotat om nye reglar i lov om offentlege anskaffingar er det foreslått at det vert gjeve heimel til å opprette ei eiga forskrift om plikt til å nytte lærlingklausul i bestemte bransjar, områder eller fag. Departementet tek sikte på at desse reglane skal tre i kraft våren 2016. For høyringsfråsegn til dette forslaget, sjå sak 2015/5516.